



Sandøy kommune  
6487 HARØY  
Eining for barnehagetenester

## **PLAN FOR KOMPETANSEHEVING 2011-2013**

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon og ha eit aktivt forhold til kompetanseheving. Personalet sine kunnskaper, ferdigheiter og haldningar er avgjerande for kvaliteten i barnehagen og auka kompetanse fører til utvikling og betre bruk av ressurser.

### LOKALE RAMMER OG FØRESETNADER

Sandøy kommune har all barnehagedrift samla i ein kommunal barnehage, Harøy barnehage. Frå august 2011 har barnehagen fem avdelingar, fordelt på 2 stader i 3 ulike bygg. To avdelingar har utvida barnegrupper. Harøy barnehage har tilsaman 75 barn i alderen 1-5 år. Det er stor etterspurnad etter barnehageplassar, tilbudet er blitt utvida og kommunen har tilnerma full barnehagedekning.

Harøy barnehage har eit relativt stabil personale der mange har lang erfaring frå arbeid i barnehagen. Den kraftige auken i antal barnehageplassar har ført til fleire nye medarbeidarar barnehagen, men barnehagen har utfordringar med å få tilsett nok utdanna førskulelararar i dei pedagogiske stillingane. Dette må takast omsyn til i arbeidet med kompetanseheving. Barnehagen har pr. 15.08.11 26 tilsette fordelt på 19.20 årsverk. Barnehagen har oppretta ei kompetansegruppe med særskildt ansvar for kompetanseheving i barnehagen. Kompetansegruppa består av Leiar for eining for barnehagetenester, assisterande styrar og pedagogisk leiar med utvida ansvar for pedagogisk utviklingsarbeid.

Sandøy kommune har utarbeidd og vedteke arbeidsgjevarpolitiske prinsipp, retningslinjer og tiltak. Hovudmålet er: *Sandøy kommune skal ha motiverte og myndiggjorte medarbeidarar som skaper gode tenester i takt med innbyggjarane og omgjevnader. Medarbeidarane skal oppleve kommunen som ein attraktiv og utviklande arbeidsstad.*

### SATSINGSOMRÅDE OG MÅL FOR KOMPETANSEHEVING

#### TILTAK TILPASSA LOKALE BEHOV:

Val av satsingsområde og tiltak er gjort utifrå lokal gjennomføring av Utdanningsdirektoratet si "Ståstedsanalyse for barnehagen", våren 2011. Vi har lagt vekt på personalet si eiga vurdering av behov for auka kompetanse og behov for endringar av barnehagen sin praksis knytt til Rammeplanen.

#### SENTRALE FØRINGAR:

Vi vil gjere oss kjent med og rette oss etter varsla stortingsmelding "Barnehagens fremtid" når denne ligg føre mot slutten av 2012.

Vi ønsker å vidareføre hovudmål i Stortingsmelding nr. 41 “Kvalitet i barnehagen”, der ein ønsker å ta vare på og vidareutvikle det beste i norsk barnehagetradisjon. Vi skal ha ei heilheitleg syn på omsorg, leik og læring, samt respekt for barndommen sin eigenverdi. Barnehagen sin eigenart skal takast vare på, samstundes som barnehagens innhald og oppgåver skal vidareutviklast i takt med samfunnsendingar og ny kunnskap om barnehagefeltet. Mål for tiltak er forankra i stortingsmeldinga og satsingsområde er i tråd med revidert utgåve av Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, KD 2011.

#### HOVUDMÅL FRÅ STORTINGSMELDING NR. 41 “KVALITET I BARNEHAGEN”:

- 1) Sikre likeverdig og høg kvalitet i barnehagen
  - a) Auke personalet si faglege og personlege kompetanse som viktigaste ressurs for at barnehagen skal vere ein god arena for omsorg, leik, læring og sosial utjamning
  - b) Godt og tillitsfullt samarbeid mellom heim og barnehage
  - c) Styrke kunnskapsgrunnlaget om kvalitet i barnehage
  - d) Arbeide for større medvit omkring ansvarsfordeling og styring av barnehagen
  
- 2) Styrke barnehagen som læringsarena
  - a) Barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar skal byggast på eit heilheitleg læringssyn, der omsorg, leik og læring skal sjåast i samanheng
  - b) Barnehagen sitt arbeid skal planleggast, dokumenterast og evaluerast
  - c) Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule
  
- 3) Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap
  - a) Barnehagen skal tilby alle barn, uansett føresetnader og familiebakgrunn, gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter
  - b) Barnehagen skal delta i koordinert innsats for barn som har behov for særskildt oppfølging

#### TILTAK

##### ► BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM

Mål	Gjennomføring av tiltak	Tid	Ansvarleg	Evaluering
1a, 1c, 2a, 3a	Drøfte barnehagen og personalet sitt grunnsyn til danning og knytte dette til praksis	Ped.leiar-møter og studiedagar	Kompetanse-gruppa	Kontinuerleg
1a, 2a, 2b	Arbeide med danning gjennom samanheng mellom planer/møteverksemd og praksis	Møte kvar 3. veke	Kompetanse-gruppa	Kontinuerleg
1a, 1c, 2a	Tilsette får tid til å lese og sette seg inn i Rammeplanen og anna relevant fagleg litteratur	Refleksjonstid	Alle	Kontinuerleg
1a, 1c, 2a	Årsplan og kalender skal brukast aktivt på avdelingsmøter	Avdelingsmøter	Leiarar på avdeling	Kvar månad
1a, 1c, 2b	Dokumentasjon skal sjåast i samanheng med Rammeplan og Årsplan/Kalender	I arbeidet med dokumentasjon	Leiarar på avdeling	Kontinuerleg
1a, 1b, 1c, 2a	Vidareutvikle kunnskap om ICDP i arbeidet med barn, barnegruppene, og i samarbeid med foreldre *	Dagleg	Alle	Kontinuerleg
1a, 1c, 2a, 3a	Opprette småbarnsteam som skal sette seg inn i og drøfte småbarnspedagogikk (0-3 år)	Avdelingsmøter	Leiarar på småbarnsavd.	Kontinuerleg
1a, 1c, 2b, 3a	Vurdere om barnehagen skal utarbeide plan for å førebygge mobbing (vurdere leike- og læringsmiljø)	Barnehageåret 2011/2012	Kompetanse-gruppa	Vår 2012

\* International Child Development Program (ICDP) er eit veiledningsprogram for å skape godt samspel mellom barn og omsorgsgjevarar. Sandøy kommune har 8 sertifiserte ICDP-veilederar, derav 3 i Harøy barnehage. Pr.oktober 2011 er det 12 tilsette som deltek på ICDP-veiledning i Harøy barnehage.

## ➤ SPRÅKLEG OG SOSIAL KOMPETANSE

Mål	Gjennomføring av tiltak	Tid	Ansvarleg	Evaluering
1a, 1c, 2a, 2b	Gjennomføre ICDP-veiledning til personalet i små grupper à 3-5 tilsette	Kvar 3. veke	ICDP-veileder	Kontinuerleg
1a, 1c, 2a, 3a	Bevisstgjere personalet om samanhengen mellom ICDP, språkleg og sosial kompetanse	Møter og studiedagar	Kompetanse-gruppa	Våren 2012
1a, 1c, 2a, 3a	Tema: "Språkleg og sosial kompetanse" og "Pragmatikk" (Bruk av språk i kvardagssamtalar)	Studiedagar	Kompetanse-gruppa	Våren 2012
1c, 2a, 2b, 3a	Observere og kartlegge om alle barn har leikevenner og er med i eit fellesskap, evt sette igang tiltak	Studiedagar Avdelingsmøter	Leiarar på avdelingane	Kontinuerleg
1a, 1c, 2a, 3a	Auke personalet si interesse for å delta i og vere nysgjerrig på barn sin leik	Studiedagar Avdelingsmøter	Alle tilsette på avdelingane	Kontinuerleg
1c, 2a, 3a	Bruke verktøyet "Snakkepakken" i små grupper, særskildt for barn med fleispråkleg bakgrunn	Samlingsstunder	Tilsette på avdelingane	Kontinuerleg
1a, 1c, 1a, 2c	Bevisstgjere bruken av verktøya "Språksprell" og "Mattemeis" på avdeling for dei eldste	Sjå eigen plan*	Leiar på avd. for dei eldste	Kontinuerleg
1a, 1b, 2a, 3a	Bevisstgjering og vurdering av arbeidet med fleispråklege barn	Ped.leiar-møter og studiedagar	Kompetanse-gruppa	Våren 2012

\* Sandøy kommune har utarbeidd ei lokal plan for å betre overgangen frå barnehage til skule/sfo

## ➤ BARN MED BEHOV FOR SÆRSKILDT OPPFØLGING

Mål	Gjennomføring av tiltak	Tid	Ansvarleg	Evaluering
1a, 1c, 3b, 3a	Tema: "Når det er bekymring rundt eit barn" på studiedag i oktober	Studiedag i oktober	Kompetanse-gruppa	Haut 2011
1a, 1b, 3a, 3b	Tema: Bevisstgjering av "tidleg innsats" framfor "vente å sjå"-haldning	Studiedagar og ped.leiarmøter	Kompetanse-gruppa	Våren 2013
1b, 2a, 3a, 3b	Opprette ansvarsgruppe for barn og familiar med behov for særskildt oppfølging	Ved behov	Einingsleiar	Kontinuerleg
1b, 2b, 3a, 3b	Samarbeide med andre om å koordinere tiltak for barn/familiar med behov for ekstra oppfølging	Ved behov og i tverrfagleg team	Einingsleiar Leiar på avd.	Etter møter
1a, 1c, 2a, 2b	Gjere oss kjent med og vurdere om kartleggingsverktøyet "ALLE MED" kan brukast	Barnehageåret 2011/2012	Kompetanse-gruppa	Våren 2012
1a, 2a, 2b, 3a	Bli kjent med og bruke kartl.verktøyet "TRAS" for å vurdere om enkelte barn har behov for særsk. oppf.	Avdelingsmøter ved behov	Leiarar på avdeling	Kontinuerleg

## ➤ SAMARBEID MED ANDRE I KOMMUNEN

Mål	Gjennomføring av tiltak	Tid	Ansvarleg	Evaluering
1a, 2a, 2b, 2c	Følgje lokal plan for overgang barnehage-skule	Oppstart haust, sjå eigen plan*	Leiar på avd. for dei eldste	Kvar vår
1b, 1c, 2a, 2c	Barnehage og skule får innsikt i kvarandre sitt pedagogiske arbeid	Samarbeidsmøter med skule	Kompetanse-gruppa	Kvar vår
1b, 1d, 2b, 3b	Samarbeide med Barneverntenester om å utarbeide lokal plan for samarbeidet	Barnehageåret 2011/2012	Einingsleiar	Våren 2012
1b, 2a, 3a, 3b	Delta og bidra i kommunal tverrfagleg gruppe og tverrfagleg samarbeidsteam	Følgje eigen møteplan	Einingsleiar	Kontinuerleg
1a, 1b, 1c, 2b	Oppfordre føresette til aktivt å delta i planlegging og evaluering av barnehagen	SU-møter og foreldremøter	Einingsleiar Leiarar på avd.	Etter foreldremøter

\* Sandøy kommune har utarbeidd ei lokal plan for å betre overgangen frå barnehage til skule/sfo

## ➤ SAMARBEID MED ANDRE UTANFOR KOMMUNEN

Mål	Gjennomføring av tiltak	Tid	Ansvarleg	Evaluering
1c, 2a	Ta imot og veilede elevar under utdanning (frå vidaregåande og evt høgskule)	Ved behov	Leiar på aktuell avd.	Kontinuerleg
1a, 1c, 1d, 2b	Interkommunalt styrarnettverk og felles kursdag med Aukra og Midsund	2 styrarnettv. og 1 kursdag pr. år	Einingsleiar og ass. styrar	Kontinuerleg
1a, 1c, 1d, 2b	Delta i nettverk og fagdagar gjennom ÅRU (ÅlesundsRegionensUtvikling)	Følgje eigen møteplan	Einingsleiar	Etter møter

## ➤ UTVIKLE BARNEHAGEN SOM ORGANISASJON

Mål	Gjennomføring av tiltak	Tid	Ansvarleg	Evaluering
1a, 1c, 1d, 2b	Få veiledningskompetanse inn i barnehagen, ein tilsett tek mentorutdanning	Haust 2011	Assisterande styrar	Haust 2011
1a, 1c, 1d, 2b	Tilsette med leiaransvar utan pedagogisk utdanning får veiledning	Kvar 3. veke	Assisterande styrar	Kontinuerleg Våren 2012
1a, 1c, 2b, 3a	Tilsette med utvida ansvarsoppgåver får veiledning, eks oppfølging av einskilde barn	Kvar 3. veke	Pedagogiske leiarar	Kontinuerleg Våren 2012
1a, 1c, 1d, 2b	Medarbeidarsamtalar for alle tilsette	Februar/mars kvart år	Einingsleiar	Etter samtalene
1a, 1c, 1d, 2b	Gjennomføre medarbeidarundersøking gjennom "Ståstadsanalyse for barnehagar" (Udir)	Våren 2012 Våren 2013	Kompetanse-gruppa	Etter undersøkingane
1d, 2b	Arbeid med internkontrollsystemet IKKS	Kontinuerleg	Einingsleiar og ass.styrar	Kontinuerleg
1c, 1d, 2b	Tilsette får tid til å sette seg inn i barnehagen sine rutiner (Bli kjent med "Blåmappa")	Refleksjonstid	Alle	Kontinuerleg
1a, 1c, 1d, 2b	Arbeid med informasjonshefte for nyttilsette og vikarar	Barnehageåret 2011/2012	Assisterande styrar	Våren 2012
1a, 1c, 2a, 2b	Sette seg inn nye myndigheitskrav, rundskriv og nyheiter for barnehagane, og formidle dette vidare	Når dei kjem	Einingsleiar Ass. styrar	Kontinuerleg
1a, 1b, 2b, 3a	Styrke samarbeidet mellom heim og barnehage	I ulike møtefora	Alle	Kontinuerleg

## EVALUERING

Kompetansegruppa har eit særskildt ansvar for å sette i verk, følge opp og evaluere tiltak i denne plana. Medlemmene i kompetansegruppa skal ha kvar sine ansvarsområde, som vert definert og klartlagt på førehand. Vidare må leiarar på avdelingane verte kjend med plana, og innhald i plana skal drøftast på ped.leiar-møter. Moment frå plana skal òg takast med på avdelingsmøter.

Vi ser det som viktig at tilsette sine synspunkt vert teken med ved evaluering av eksisterande og utarbeiding av nye tiltak. Vi tek omsyn til synspunkt som kjem fram i medarbeidarsamtalar og andre drøftingsmøter. "Ståstadsanalyse for barnehagar" del C og D er òg eit erktøy som skal brukast i denne samanhengen. Vi planlegg å gjennomføre ei analyse kvar vår.

Harøy, oktober 2011

Kompetansegruppa ved Harøy barnehage

Karin Breivik Grytten, Ingrid Huse og Kristin Huse